

Anleggsstrategi idrett -Nordfjordeid sentrum

Innsiktsdokument

Kunde – Stad kommune
Dato – 16. desember 2022
Konsulent – Rune Schanke Eikum

Idrettsanlegg som løftar Stad

Det har i lengre tid vore eit ynskje frå idretten sjølve og frå administrasjonen om å få avklaringar på vidare planar for idrettsanlegg i Eid sentrum. Spesielt har fotballmiljøet og hestemiljøet signalisert ynskjer om eit koordinert arbeid frå kommunen på dette. Våren 2022 blei det vedtatt å sette av ressursar til innleige av Tinkr for å bidra inn i eit innsiktsarbeid som kan leie til eigne beslutningar, men også vere eit grunnlag inn i anna planarbeid i kommunen, herunder sentrumsplanen. På same tid har administrasjonen signalisert at ein skal kunne ta nokre relativt raske beslutningar i denne prosessen.

Det blir viktig å avgrense omfanget som gjer denne prosessen overkommelig og primært retta mot fysiske idrettsanlegg. På same tid vil det vere relevant å få innspel frå t.d. friluftslivsaktørar som også nyttar seg av fysiske areal i sentrum. Om vi får andre innspel gjennom prosessen får vi vurdere om det skal inkluderast i denne prosessen eller om det skal inn i den større sentrumsplanen. Det betyr altså at vi avgrensar oss til:

- Fysiske areal/anleggsbehov i perioden 2022-2030
- Idretts- og friluftslivsaktørar får tilbod om involvering
- Nordfjordeid sentrum
- Private, frivillige og offentlege aktørar

Prosjektorganisering

I oppstartsmøte med kommuneadministrasjonen diskuterte vi om ein skulle utvikle ei arbeidsgruppe som skulle vere ei sparringsgruppe for administrasjonen. Ein hadde opprinnleg ein tanke om å invitere inn fotballmiljøet, hestemiljøet og skytemiljøet i ei arbeidsgruppe. Ein har ikkje klart å samle desse i eit felles møte, men har hatt fleire dialogar med dei ulike gjennom prosessen. Mykje av problemstillingane har vore fokusert inn mot idrettsanlegg som berører fotballen. Ein har difor hatt eit par arbeidsmøte med Stad Idrettsråd ved Stein Bjørhovde, Eid Idrettslag ved Ståle Sandal og Eid Idrettspark ved Geir Moldestad.

Utover dette har mandatet til prosjektleiinga ved Rune Schanke Eikum og Arild Vonheim endra seg litt over tid, og meir av styringa av progresjon og møter har kommuneleiinga tatt ansvar for frå sommaren 2022. I neste fase av prosjektet oppfordrast det å fortsette den nære dialogen med idretten, på same tid som ein sikrar at administrasjonen har ein god progresjon i prosessen.

Gjennomførte innsiktsaktiviteter

Opprinnelig var planen eit effektivt innsiktsprosjekt våren 2022. Her var det lagt opp til samtalar med sentrale aktørar, ei enkel spørjeundersøking og eit par samskapingmøter. Vi opplevde dog tidleg i prosessen at meir enn at dette var eit felles koordineringsbehov mellom idrettsaktørane, var det først og fremst fire større overordna spor:

- Eid fotball og Eid idrettslag sitt ynskje om å samle anlegg for fotball i nærleiken av skulane gjennom utvikling av mellom anna nytt klubbhus og fotballhall.
- Hestemiljøet sine felles og ulike ynskjer for utvikling
- Skytemiljøet sitt ynskje om innandørs skytebane i sentrum
- Andre idrettsaktørar med ulike behov, men ikkje eigne anleggsplanar.

Rapporten vidare vil organiseras rundt desse fire områda.

Overordna er det gjennomført følgjande aktivitetar:

- Planleggingsmøte med Stad Idrettsråd om prosessen og undersøkinga.
- Kartleggingssamtale med representantar frå idrettsmiljøet og andre som har vist interesse:
 - Janne Mari Hjelle (Nordfjord Fjordhestlag)
 - Ove Bjørlo (Skyttarlaget + Stad Eigedomsutvikling KF)
 - Geir Moldestad (Eid Idrettspark)
 - Stein Bjørhovde (Stad Idrettsråd)
 - Ole Mathias Nes (innspel frå Hjelle)
 - Ståle Sandal (Eid Idrettslag)
 - Magny Hjertenes Flyum (Fjordhestsenteret)
 - Silvia Førde (Folkehøgskulen)
 - Trine Wiik Jacobsen (Eid Ride- og Køyreklubb)
 - Torbjørn Ruud Hagen (Hamna)
 - Eid Symjeklubb (Svarte på spørjeundersøking)
- 2 arbeidsmøte med gruppa som arbeider for tribunebygg og hall representert ved Ståle Sandal, Geir Moldestad og Stein Bjørhovde.
- Synfaring og presentasjon til utvalet for Kultur, næring og idrett.
- Presentasjon og diskusjon i styremøte Eid Idrettspark 04.07.
- Tre interne møter Stad kommune med kommuneleiinga.
- Arbeidsmøte med gruppa som arbeida for tribunebygg og hall samt kommuneleiinga den 12. september
- Ulike uformelle dialogar og avklaringar med idretten i ulike former.

Dette dokumentet baserer seg i all hovudsak på desse aktivitetane.

Eid idrettslag/Eid fotball/Eid idrettspark/Stad idrettsråd

Desse gruppene har vore samla i sine behov og sin dialog. Stad idrettsråd har også bidratt med innsikt på andre behov.

Hovudproblemstillinga – spesielt til fotballen – er spredte lokasjoner i sentrum, herunder Valhall, Eid Stadion og Eid Idrettspark. Dei har kun eigne garderober på Eid stadion, og noverande klubbhus har store rehabiliteringsbehov. Ein har dei siste åra difor satt i gang ein prosess der ein ynskjer å sjå på samlokalisering av fotballmiljøet. Eit klart ynskje er ei samlokalisering rundt skulane, då erfaring og anbefalingar frå idrettsmiljøa nasjonalt og kretsen er at samlokalisering og sambruk styrkar både økonomi og kvalitet på aktivitetane. Ikkje minst svarar det til å etablere trygge område for ungdommen i sentrum, ein møteplass for foreldre og frivillige og ny giv inn i det som for idretten har vore ei krevjande tid post-korona. Denne samlokaliseringa vil ha effekt for idretten om det betyr at ein då kan redusere ein av sine andre lokasjonar i prosessen. Om ein ser at det blir krevjande å samle idretten rundt skulane, har ein ynskje om å realisere fellesanlegg i området rundt Eid Stadion eller ein annan sentrumsnær lokasjon – men ein vil då miste den viktige sambruken med skulane.

Etter ulike dialogar, har denne gruppa landa på følgjande ynskje for prosessen:

- 9'ar bane kunstgras med undervarme ved Eidahallen (barneskulen)
- Ein middels stor basishall i tilknytning til Eidahallen.
- Arealet som er rett på andre sida av RV15 for idrettshallen settes av til idrett
 - 7'er kunstgrass bane med undervarme ++
- Ynskje om hall over 9'er bana ved Eidahallen eller nærliggjande lokasjonar.
- 7'ar bane sør for RV15 på sikt.
- 5'ar bane på sørenden av dagens idrettspark
- Tribunebygg på austsida mot skulen

Det forventes frå gruppa at ein legg tilrette for ein heilårs fotballhall (9-ar bane) inn i planlegginga.

I møter med kommuneadministrasjonen har det i første omgang blitt signalisert at ein er positive til tribunebygg og 5-ar bane. Ein må i det vidare arbeidet utrede moglegheitene for å innvilge dei andre ynskja, enten på skuleområdet eller andre areal i området. Det er nokre utfordringar med kvikkleire som det er viktig at ein også arbeider med i prosessen vidare.

Arbeidsgruppa er også opptekne av å tenke andre aktivitetar inn i ein fotballhall – t.d. klatring, friidrett m.m. for å sikre aktiv sambruk

Detaljert møtereferat frå møtet 12.09.2022 er utvikla.

Kommuneleiinga ved Kristine Dahl og Astrid Paulsen har hatt ansvar for vidare prosess, og ein har mellom anna aktivt utreda skulenære lokasjonar hausten 2022.

Hestemiljøet ved Nordfjord Fjordhestlag, Norsk Fjordhestsenter og Eid Ride- og køyreklubb

Tidleg i prosessen hadde ein individuelle samtalar med alle tre aktørane. Dei har både like og ulike behov, som kort skisseres her. Alle aktørane signaliserer ynskje om og behov for ytterligare koordinering mellom hestemiljøet, og mellom hestemiljøet og kommunen. I løpet av prosessen har det vore enkelte utskiftingar, spesielt på Fjordhestsenteret som har gjort at ein har avventa vidare fellesprosessar her.

Norsk Fjordhestsenter:

- Har laga ein egen utviklingsplan for anlegg. Ny dagleg leiar og ny styreleiar i løpet av våren 2022.
- Kommunen, Fylkeskommunen og Norsk Fjordhestlag som eigar
- Har ei rolle i hingsteutstillinga på Øyane, men Øyane forvaltes først og fremst av Nordfjord Fjordhestlag
- Som skissert i utviklingsplan - behov for meir areal – ekstra hall + store rehabiliteringsbehov.

Eid Ride- og Køyreklubb

- Leiger/låner i dag av Fjordhestsenteret, Stall Os, Nordfjord Fjordhestlag (Øyane)
- For dårlige fasiliteter på Fjordhestsenteret til feks sprang-konkurranser
- Stort press på treningstider i hall + press ifht arrangement
- Ønsker ny hall (i samarbeid med Fjordhestsenteret eller andre) og meir fasiliteter
- Har spelt inn til kommuneplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet om sine behov

Nordfjord Fjordhestlag

- I startfasen på ei arbeidsgruppe som skal jobbe med utvikling av Øyane og ein plan for sitt behov
- Ser behovet for rehabilitering av fasiliteter
- Mål om å auke aktiviteten no post-corona
- Ser på Øyane som sentralt i vidare utvikling – avtale ut 2039

Våren 2022 vedtok vi i prosjektet å avvente ny leing på Norsk Fjordhestsenter, då dei er ein viktig premissgivar for hestemiljøet. Sidan den tid har kommunen primært hatt fokus på Fjordhestsenteret som ein av tre eigarar. Det er planlagt eit møte for alle aktørane i hestemiljøet vinteren 2023 for å sikre at ein kan utvikle miljøet i ei felles retning.

Hausten 2022 har Nordfjord Fjordhestlag sendt inn spelemiddelsøknad om renovering av stallane ved Øyane, mens Fjordhestsenteret har sendt inn 4 søknadar om ulike oppgraderingar.

Skytesporten

Det har i lengre tid vore dialog om behov for ei innandørsbane med konkurransekvalitet. I dag er majoriteten av innandørsbanenene av relativt låg kvalitet. Ove Bjørlo har vore den som har styrt dialogen inn mot prosjektet, og som har koordinert inn mot skytterlaga. Skytesporten har blitt invitert inn i dialogen rundt tribunebygg, men har landa på at dei i første omgang ynskjer å utrede utbygging på toppen av parkeringshuset ved Operahuset. Der ligg det ein opsjon på skytebane frå 2007.

- Vedtak i skytterlaga om å utrede denne muligheten på nytt
- Mulig samarbeid mellom fleire aktørar som forsvaret, politiet, skiskyting, idretten m.m.
- Ikkje utforska/landa på finansiering, men tenker tippemidlar m.m.
- Utviklingsbehov Tua på sikt.

Skytesporten har først og fremst ein dialog inn mot fylkeskommunen som eigar av parkeringshuset. I neste fase er det ynskje om bistand frå Stad kommune ifht mellom anna bistand rundt spelemidlar.

Andre aktørar

Desse er samla her basert på at det ikkje er nokre større aktivitetar som har vore satt i gang. Fleire av desse (og andre) er dog potensielt viktige aktørar inn i planane til dei andre aktørane.

- Turn har ynskje om basishall ved skulen (som presentert ved gruppa som representerer tribunebygg m.m.)
- Eid symjeklubb brukar kommunale bygg. Dei har ynskje om meir treningstider og at dei blir aktivt involvert i rehabiliteringsprosessar. Spelemiddelsøknad under behandling.
- Folkehøgskulen har lite kapasitet i eigne areal. Positive til vidare utvikling og som leigetakar av symjehall og idrettsanlegg. Er positive til å sjå på løysing

med å selge område på nedsida av Folkehøgskulen mot meir areal på motsett side.

- Hamna har ynskje om å utvikle klatrevegg i tilknytning til Hamna, og kan då vere aktuelle for spelemidlar – avhengig av kven som skal ha eigarskapet. Vidare ynskjer dei å utvikle eigne areal i Hamna, og er positive til samarbeid med idretten som leigetakarar, feks dans/turn/kampsport.
- Ein har ikkje hatt grundig dialog med dans/turn/kampsport utover signala frå Eid idrettslag om turn sine behov.
- Ein har ikkje hatt dialog med andre aktørar som skatemiljøet, stisykling m.m.

Vidare prosess:

Prosesen vidare er leia av kommuneadministrasjonen, og ein har jamnleg formell og uformell dialog med dei viktigaste aktørane. Av konkrete aktivitetar som det er relevant å oppsummer her er at:

- Kommuneadministrasjonen har aktive prosessar på gang med å sjå på mulighet for andre tomter utanfor skuleområdet for å dekke idrettens ynskjer om samlokalisering.
- I nylig vedtatte økonomi og handlingsplan er følgjande formulering lagt inn: **Idrettsanlegg Nordfjordeid:** Det er behov for å gjere ei vurdering knytt til framtidig plassering av utandørs idrettsanlegg på Nordfjordeid. I tillegg er det interesse for at områda rundt idrettshallen, idrettsparken og skulane i Eid blir utvikla gjennom ein sambruk, slik at området blir godt tilrettelagt for barn og ungdom både i skulen og på fritid. Dette kan i fyrste omgang føre til behov for regulering og kjøp av grunn.
- Det er satt av totalt 75 millionar i 2025-2027 til vidareutvikling av skular og barnehagar inkl idrettsanlegg. <https://pub.framsikt.net/2023/stad/bm-2023-budsjett-2023-handlingsprogram-2023-2026#/generic/summary/investmentplan/?scrollto=grid0&search=idrett>
- Det vil taes initiativ til å samle hestemiljøet til eit felles møte vinteren 2023.



www.tinkr.no
Postbox 224, 9811 Vadsø
Org. nr: 913 893 255